

MELDING OM START OG AVSLUTNING AV SMÅLOTTERI

(lotteri med omsetning inntil 200 000 kroner)

OPPLYSNINGAR OM START AV LOTTERIET

Melding om smålotteri skal sendast til Lotteritilsynet seinast 14 dagar før lotteriet startar. Ta kopi av utfylt skjema før de sender det. Kopien kan då nyttast til å melde avslutting av lotteriet.

Opplysningar om organisasjonen:

Organisasjonsnummer:	
Namn:	
Adresse:	
Postnr.:	
Poststad:	
Ansvarleg person:	
Telefon:	
E-post:	

Har organisasjonen hatt smålotteri tidlegare i år? Ja Nei **Opplysningar om lotteriet:**

Formålet med lotteriet:		
Planlagd omsetning:	Kr	
Salsperiode for lotteriet:	Frå:	Til:

Stad/dato_____
Underskrift_____
BLOKKBOKSTAVAR**OPPLYSNINGAR OM AVSLUTNING AV LOTTERIET**

Skal sendast til Lotteritilsynet innan 1 månad etter avslutning av lotteriet. Nytt lotteri kan ikkje starte før det førre er avslutta. Berre inntekter og utgifter frå lotterisalet skal vere med.

Lotterinummer:	
Namn på organisasjonen:	

Omsetning:

Brutto omsetning:	Utgifter til gevinstar m.m.:	Overskot frå lotteriet:
Kr	Kr	Kr

Stad/dato_____
Underskrift_____
BLOKKBOKSTAVAR

Rettleiing til skjema:

Lotteri med omsetning inntil 200 000 kroner (smålotteri)

Det kan utan løyve arrangerast tradisjonelle lotteri som er trekte før eller etter salet av lodd med ei omsetning på inntil 200 000 kroner i året.

Før lotteri som blir trekte etter loddsalet, skal trekninga gjerast etter at ein fastsett periode for loddsalet er avslutta. Lotteri med førehandstrekte rivelodd, det vil seie lodd der det ved opning straks er klart om det er eit vinnarlodd eller ikkje, får ein bestemd loddssalsperiode, og det skal ikkje vere loddssal etter dette.

Etter 1. juli 2011 er det ikkje lov å bruke skrapelodd i smålotteri.

Kven kan arrangere denne typen lotteri?

Organisasjonar som har eit samfunnsnyttig eller humanitært formål kan arrangere smålotteri. I tillegg kan lokale og regionale ideelle og frivillige organisasjonar arrangere smålotteri.

Inntektene frå lotteriet kan likevel ikkje nyttast til kommersielt basert verksemd eller til det som er offentlege oppgåver.

Krav til lotteriet

Lotteritilsynet skal ha melding om lotteriet minst 14 dagar før loddsalet startar. Melding om avslutning av lotteriet må sendast til Lotteritilsynet innan 1 måned etter at lotteriet er avslutta.

Andre lotteri må de søkje Lotteritilsynet om å få arrangere. Dette gjeld lotteri som er trekte før eller etter loddssal og med ei omsetning på over 200 000 kroner. De må også søkje om løyve til bingo og alle lotteri der de brukar medhjelpar mot betaling.

Søknadsskjema kan hentast på www.lottstift.no.

Basar og lynlotteri kan arrangerast utan løyve. Dette er lotteri der gevinstane blir trekte med loddkjøpar til stades, samstundes som gevinstar og innskot ligg innafor bestemte grenser som står i forskrift om Lotteritilsynet og lotteriregisteret § 5-2.

Opplysningar om organisasjon

Fyll inn alle felte slik at Lotteritilsynet kan nå organisasjonen ved eventuelle spørsmål. Det er viktig å gi opp ei e-postadresse for mottak av registreringsmelding og informasjon.

Dersom organisasjonen ikkje har organisasjonsnummer, kan dette feltet stå tomt.

Opplysningar om lotteriet

I feltet "Formålet med lotteriet" skal det gå fram kva overskotet frå lotteriet skal brukast til.

Planlagd omsetning er prisen på loddet x talet på lodd som er til sals.

Opplysningar om avslutning av lotteriet

Fyll inn opplysningar om resultatet av lotteriet.

I feltet "Utgifter til gevinstar m.m." skal gevinstutgifter og andre utgifter knytte til lotteriet førast opp.

Gjennomføring av smålotteri

Lotteri- og stiftelsestilsynet **tilrår** at følgjande opplysningar går fram av loddsetel/loddbok:

- Kven som er arrangør.
- Formålet med lotteriet.
- Kontaktinformasjon.
- Talet på lodd, loddpris og verdien på gevinstane.
- Kvar og når trekning skal skje, og kven som skal gjennomføre trekninga.
- Om uselde lodd skal vere med i trekninga.
- Korleis resultatet av trekninga blir kunngjort, og om vinnarane blir kontakta, frist for henting av gevinst, forutan opplysningar om kva som skjer med gevinstar som ikkje blir henta.

Gjennomføringa av smålotteri er ikkje regulert. Ved behov for retningslinjer for gjennomføringa, viser vi til tilrådingane ovanfor, og til reglane for større lotteri som du finn i forskrift til Lov om lotterier av 24. februar 1995 nr. 185 § 6.

Skjema skal sendast til:

Lotteri- og stiftelsestilsynet
Postboks 800
6805 FØRDE
E-post: postmottak@lottstift.no